



Fortetting av Skogsskiftet eller nytt senter

Asplan Viak AS
05.11.2007

Kriterie for ein god tettstad


Ti gode grep for utvikling av attraktive tettstadar

(Miljøverndepartementet)

1. Fornuftig bruk av areala
2. Fortetting med kvalitet
3. Skapa eit aktivt og levande sentrum
4. Sats på miljøvenleg transport
5. Ta vare på dei grønne områda
6. Ta vare på staden sin kultur og historie
7. Legg til rette for aktive innbyggjarar
8. Rein luft og lite støy
9. Trygge og gode nærmiljø for barn og unge
10. Estetikk og kvalitet

Sund kommune sine ynskje for innhald i senteret

- Bustadar – seniorbustadar
- Breidt utval butikkar
- Kafear / restaurantar
- Vinmonopol
- Lege / tannlege/apotek
- Kulturhus
- Uformell møteplass/ vannkant
- Bussterminal med P&R
- Alternativ energi telekommunikasjon
- Kompetanssenter (VGS, idrett , kogen)
- Universell utforming



Lokaliseringskriterier

1. Landskap og naturkvalitetar
2. Avstand til andre funksjonar som bustadområde, skule, service , kultur og fritidsaktivitetar
3. Framtidige vegplanar og eksponering
4. Arealpotensialet for langsiktig utvikling
5. Identitet
6. Teknisk infrastruktur

Overføringsverdiar frå studietur 07.04. 2007 og to gode tettstadar

	<p>Manger <i>Ynskjer fortetting og gode prosessar</i> Kommunen har utarbeidd tettstadsanalyse for Manger der dei foreslår fortetting av eksisterande senter og eit sentralt, offentleg bilfritt torg /vringleplass. Det vert lagt til rette for planting av tre og vegetasjon Busshaldeplassen er flytta til utkanten. Kommunen understrekar det er viktig å setja av nok tid til gode prosessar.</p>		<p>Leirvik <i>Bustadar i eit tett sentrum og langs sjøkanten, offentleg strandpromenade, kulturhus</i> Gods og ferjekai er flytta ut frå sentrum. Passasjertrafikken med buss og snøggbåt har overtatt. Det er lagt til rette for småbåthamn, bustadbygging og offentleg promenade langs sjøkanten. Stord er med i nasjonalt pilotprosjekt for universell utforming. Maks byggehøgde 4 etg, Dei to øvste etasjane kan nyttast til bustadar. Vurderer bygging av eitt høgus. Kulturhuset har symjehall og lokale for kulturskulen.</p>
	<p>Våge <i>Fokuserer på ein vakker tilkomst til tettstaden og idrettshall/ kulturhus</i> Våge kommune saman med handelsstanden har samarbeidd om opprusting av kaifronten ved ferjekaien, for at staden skal ha ein vakker og attraktiv tilkomst frå sjøsida Kommunen har bygd idretts og kulturhall litt utanfor sentrum. Hallen har forsamlingslokale, kantine, klatrevegg, bibliotek, musikkrom, trimrom med apparat og bowlinghall.</p>		<p>Svortland i Bømlo <i>Nytt kulturhus med mangfald og høge arkitektoniske kvalitetar</i> Nytt kulturhus 2005 ligg fint til ved eit vatn ved sentrum Kommunen satsar tungt på kultur, Anlegget kosta 75 mill. Kulturhuset inneheld kafe 2 kinosalar, kultursal for musikk, lokale for kulturskulen, fritidsklubb, danselokale og dagsenter for eldre. Felles underjordisk parkeringsanlegg med tilliggjande kjøpesenter.</p>
	<p>Rosendal <i>Skapar nye attraksjonar og byggjer bustadar i sentrum</i> Kvinnherad kommune har store utfordringar i Rosendal med planlegging av ny bruk av tidlegare industriareal for båtbygging. Kommunen satsar på turisme og leggja til rette for fleire attraksjonar i tillegg til storslått natur, Baroniet og den nye steinparken langs elva. Nasjonalpark senter for Folgefonna er under planlegging. Ein arbeider vidare med å få fleire bustadar i det gamle tette senteret slik at det kan skapast meir liv ut over opningstidene i butikkane.</p>		<p>Inndyr i Gildeskål <i>Styrka lokal identitet gjennom fysiske tiltak og sterkt lokalt engasjement</i> Inndyr var med i det nasjonale programmet "Miljøvenlige og attraktive tettsteder i distriktene". På Inndyr bygde ein på eiga historie og identitet, eigen natur og kultur og ikkje minst på eigne krefter, innbyggjarane, lag, næringslivet og kommunen. På torget styrka ein staden sin identitet m.a. ved å leggja ned steinar i asfalten som likna på klippfisk. Ein oppsummerte at nøkkelen til suksess ligg først og fremst i å ha politisk vilje og å kunna halda ut, og at ein klarar å engasjera alle dei kreative, dyktige og kunnskapsrike menneska på steden mot eit felles mål. Prosessen er utgitt på DVD.</p>
	<p>Husnes <i>Kjøpesenteret dominerer – lite liv utanom butikketid</i> Husnes har mange arbeidsplassar knytt til aluminiumsindustrien Senteret ligg ved ein stor innsjø og er dominert av eit stort kjøpesenter. Ein reknar med at nye vegsamband gir grunnlag for ny vekst. Eksterne investorar har planar om ei større utviding av eksisterande senter med 15 000 m2 der dei vil investera rundt 500 mill kroner. Det er planlagt bustadar nær opp til kjøpesenteret. Parkering er delvis under bakken.</p>		<p>Norheimsund <i>Kvalitetar til eit tett senter med mangfald og gode møteplassar</i> Norheimsund vert i fleire samanhengar, seinast på tettstadskonferansen på Voss i år, framheva som eit døme på ein god møtestad med ei konsentrert og attraktiv handlegate og kaifront. Kommunalminister Åslaug Haga sa sommaren 2007: "Vi treng fleire stadar som Norheimsund" Norheimsund har ei ein TU på mellom 100 og 200 %</p>

SWOT analyse 26.06.2007

Vurdering av Skogskiftet

SWOT analyse 26.06.2007

- Har identitet som kommunesenter

Vurdering av Skogskiftet

Styrke

- Folk er vane med at dette er sentrum
- Har identitet som kommunesenter
- Bussterminal har estetiske kvalitetar
- Store investeringar er gjort i bygningar og infrastruktur
- Stort fortettingspotensiale om ein også flytter på funksjonar
- Servicebustadar og sjukeheim ligg nær service tilbod
- God tilgjenge for alle trafikantgrupper
- Fine rekreasjonsareal like ved (idrett, natur, vatn)
-

Svakheiter

- Negativ visuell kvalitet , uryddig, store flater, lite eksponert mot vegen
- Ingen gode møteplassar inne og ute
- Manglar tilknytting til vatn eller sjø
- Manglar kulturhus og torg som møteplass og identitesskapar for kommunen
- Ingen bustadar i sentrum , manglar liv større deler av døgnet
- Store høgdeforskjellar
- Få ekspansjonsmogelegheiter (eigeomsstruktur,motorcrossbane i nord,)
- Bussterminal og vegar for dominerande, tungtrafikk gjennom senteret
- Stor handelslekkasje til Sartor senter
- Støy frå motorcrossbane og veg

Potensialet

- Fortetting, nybygg f.eks kulturhus, med god arkitektur og torg kan gi staden ny og positiv identitet
- Landskapskvalitetar og Skogevatnet kan gjerast meir tilgjengeleg
- Stort fortettingspotensiale om ein utnyttar tomtene betre og flytter på funksjonar
- Fleire bustadar for alle befolkningsgrupper skapar liv
- God tilgjenge for alle trafikantgrupper

Hinder

- Eigeomsforholda, motstand mot å tenkja nytt
- Motstand mot flytting av Motorcrossbane, idrettsanlegg, industri?
- Vanskeleg å finna erstatningstomter
- Mangel på drivkrefter , investeringsvilje?
- For lite kundegrunnlag for store nyinvesteringar
- Politisk usemje om mål

Vurdering av nytt senter

- Nær VG skule , barneskule og idrettsanlegg

Vurdering av nytt senter

Styrke

- Nær eksiterande bustadar
- Nær VG skule , barneskule og idrettsanlegg
- Eksponert mot ny veg , men ikkje konflikt
- Nok areal
- Nær vatn og vakker natur
- Kan planleggjast frå grunnen av

Svakheit

- Kostbart -treng ny infrastruktur veg vatn og kloakk
- Utbygging vil skje over lang tid , aldri ferdig, funksjonane vil vera spreidd
- Det gamle senteret med kommunehus vil forfalla
- Inngrep i urørt natur, markagrensa
- Vanskeleg terreng å byggja i
- Landskapsrommet er uklart definert
- Lite synleg frå andre bustadområde
- Ny vegtrase kan skapa støy
- Stor avstand mellom nytt og gammalt senter (Ulempe for eldre og rørslehemma





Potensiale

- Kan starta med blanke ark
- Kommunesentert kan få ein ny identitet
- God planlegging frå grunnen
- Høg arkitektonisk kvalitet. Arkitektkonkurranse
- Universell utforming
- Tett og godt sentrum –bustadar-skule –idrett
- Fleire butikkar
- Parkering under jorda

Hinder

- Dyrt å gjennomføra
- Manglar drivkrefter , investorar
- Tar lang tid å byggja opp
- Dårlig kommuneøkonomi til å byggja infrastruktur, offentlege plassar og rom
- Vanskeleg terreng
- Kvalitet føreset streng regulering

Avstand til andre funksjonar langs veg og i luftlinje



Skogsskifte

Nytt senter ved Hesttjørna

Avstanden mellom dei to alternative senterområda er ca 1000 m.


Gangavstand fra senterpunkt

- 0 - 300 meter
- 300 - 500 meter
- 500 - 1000 meter
- 1000 - 1500 meter


Tommelfingerreglar:

Ein mindre tettstad bør ikkje ha ein større utstrekning enn 600 m frå ytterkant til ytterkant
 500 meter vert rekna som rimeleg gangavstand. Ved lengre avstandar er det svært mange som i staden tar bil i staden for å gå
 Rimeleg sykkelavstand vert rekna mellom 1000- 3000 m avhengig av stigning.

Landskapsanalyse




Høgdslag




Landskapsrom




Grøntstruktur



Skysstasjonen på Skoge



Hald stadion



Evet nytt senter


Fjernverknad

Kartet syner kva område dei ulike alternativa er synleg frå

Eksisterande sentrum vil i framtida vera godt synleg dersom ein vel alternativet med dagens trase

Området ved Hald stadion og industriområdet er mest synleg frå ny vegtrase i sør, nærmast Hesttjørna

Området ved evt nytt sentrum er synleg frå ein kort strekning der den austlege traseen i sør passerer. Elles er området synleg frå fjellknausane rundt Hesttjørna








Støy

Støykjelder:



- Motorcrossbane
- Trafikkstøy frå riksvegen og vegkryss
- Helikopterstøy

Skissa til venstre viser støysona rundt motorcrossbana og kva område som vert eksponert av støy frå framtidig vegtrasealternativ


Skogskiftet sine kvaliteter som bør liggja fast og som kan vidareutviklast

Fysiske kvaliteter		Funksjonelle kvaliteter	
Vatn 	<p>Vatnet nord for Hald stadion t.v. Idrettsområdet og industriområdet har god visuell kontakt med Skogsvatnet t.h.</p> <p>Området rundt stadion kan vera mogeteg lokalisering av kulturhus og ny ungdomsskule</p>	Idrett og fysisk aktivitet 	<p>Stadion ligg i den grønne aksen og er eigna lokalisering av ny skule og kulturhus</p> <p>Lokalisering av ny ungdomsskule vi skapa ei rolle deling mellom VG skule / barneskule og ungdomsskule ved Skogskiftet, meir jamn belastning på dei to idrettsanlegga</p>
Landskapskvalitetar 	<p>Senteret er i dag er avgrensa av omkringliggjande småkuppert landskap . Landskaps rommet rundt skysstasjonen er skjerma mot vind og er avgrensa av eksisterande naturleg fjellvegg . Fjellveggen har ein identitet som kan integrerast i elt nytt torg</p>	Offentleg og privat sevice 	<p>Samlokalisering med offentleg og privat service ein fordel Kjøpesenter og kommunehus er ein viktig møtestad</p>
Historisk identitet: Kvalfangst 	<p>Kvalfangst i Kvalvika var viktig grunnlag for busetnaden på Skogsvåg. Potensiale for å visualisera Skoges historiske identitet (skulptur, installasjon eller byformingselement.</p>	Servicesenter for eldre 	<p>Sundheimen og servicesenter for eldre ligg nær offentleg og privat service</p>
Arkitektur og estetiske kvaliteter 	<p>Skysstasjonen har mange arkitektoniske kvaliteter som byggjer på gamal byggeskikk Dei arkitektoniske og visuelle kvalitetane i senteret kan gradvis utviklast ved fornying av bygningsmassen</p>	Trafikknutepunkt 	<p>Skysstasjon er eit viktig trafikknutepunkt men legg beslag på mykje sentrumsareal</p>

Evt . nytt senter

Vatn og landskapskvalitetar 	<p>Nytt senter kan lokaliserast på vestsida av Hesttjørna</p>	Skule , drett og fysisk aktivitet 	<p>Samlokalisering av ny ungdomsskule og kulturhus ved Sund Vidaregåande skule , barneskule og idrettsanlegg kan gi staden ein sterkare identitet som skule ,idretts og kultursenter.</p>
---	---	---	---

Arealpotensialet for langsiktig utvikling i eksisterende senter



Utbyggingspotensialet i Skogsskiftet

Eksisterende golvareal i senteret 39 000 m²
Området har ein TU på ca 25 %

Til samanlikning har Norheimsund ein TU på mellom 100 og 200 % i sentrum

Potensiale ved fortetting :
TU 100 % 118 000 m²
TU 150 % 195 000 m²
TU 200 % 275 000 m²





Rema 1000

Rema 100 butikken ligg i Fjell kommune litt utafor senteret, men er likevel ein litt avvisande innfallsport til Skogsskiftet når ein kjem frå nord. Kan Rema 1000 flyttast inn i sentrum i eit nybygg og på den måten gjera sentrum tettare og samstundes tilføra Skogsskiftet nye estetiske kvalitetar?



Bussterminalen

Bussterminalen har mange kvalitetar men ligg på det mest sentrale arealet inni senteret og saman med parkeringsarealet legg den beslag på eit stort areal. Kan bussterminalen flyttast til utkanten av senteret? Kan busstoppa leggjast til ei terminalgate og bli ein del av gatestrukturen?




Brannstasjonen

Ein brannstasjon treng ikkje liggja inni eit sentrumsområde, men bør ha god tilkomst til hovudvegnettet. Kan brannstasjonen lokaliserast ein annan stad?

Kan funksjonar i sentrum flyttast for å gi rom for utvikling av ein meir attraktiv tettstad?

I staden for å flytta heile tettstaden kan ein tenkja seg at einiskild bygg eller funksjonar flytter ut og vert erstatta med nye bygg og funksjonar som kan gjera staden tettare og meir attraktiv. Ein kan då utnytte eksisterande sosial og teknisk infrastruktur og endringane kan skje over tid utan at senteret verkar halvferdig.



Idrettsanlegget – Hald stadion

Idrettsanlegget er sentralt plassert nær sentrum og bustadområda, men ligg på den beste ekspansjonstomta for sentrum og er godt eksponert mot store delar av planområdet. Det ligg mange dugnadstimar og sterke kjensler knytt til slike anlegg, men mogelegheitene for flytting over til industri området bør likevel drøftast.

Industriområdet

Industriområde bør generelt liggja nær hovudvegnettet slik at tungtrafikken ikkje er til ulempe for sentrumsområda og bustadområda. Kan industriområdet flyttast til området ved motorcrossbana eller ein annan stad? Industriområdet ligg sentrumsnært og har eit stort potensiale som ekspansjonsområde for sentrum.

Motorcrossbana

Motorcrossbana nord for senteret legg beslag på mogeleg utbyggingsareal for senteret og bustadar, pga støy. Her også ligg det mange dugnadstimar og kjensler knytt til anlegget. Kan evt flytting av motorcrossbana på sikt likevel vera aktuelt. Kan støyskjerming vera aktuelt?



Bensinstasjonane

Hydro Texaco stasjonen i nord OG Statoilstasjonen i sør ligg i dag langs hovudvegen, og er ein del av senteret sitt ansikt mot dei forbi reisande. Ved etablering av nytt vegsystem vil bensinstasjonane få ei betre lokalisering om dei blir flytta nærare framtidig avkøyrsløse frå Rv 555.

Mogeleg fortetting og utvikling av eksisterande Skogsskifte

Hovudkonsept:

- Offentleg og privat service rundt nytt torg og skysstasjon
- Nytt kulturhus og ungdomsskule i den grøne aksen ved stadion

Kommunehuset

Ein kan vurdere om kommunehuset kan overta bygningane til kjøpesenteret for evt utviding , og at forretningane byggjer nytt

Nye forretningsbygg langs ein gatestruktur

Ein legg til rette for ei langsiktig fornying av forretningsbygg ein ny og god arkitektur innafor eit heilskapleg konsept , slik at staden får ein ny visuell identitet. Tomtene bør få ei høgare utnytting og bygningar i 2-3 etg med forretningar på gateplan, kontor i 2. Etg og evt bustadar i 3 etg

Ein føreset at desse funksjonane flytter annan stad, Bensinstasjonane, brannstasjon , parkeringsplassane

Torg

Nytt lunt torg ved bussterminalen, der ein prøver å byggja opp under Sund sin identitet. Ein bør også vurdere å etablere eit torg eller møteplass i nærleiken av kulturhuset

Kulturhus

Nytt kulturhus kan plasserast som signalbygg med høge arkitektoniske kvalitetar ved Hald stadion, i den grøne aksen med utsikt mot Skogsvatnet og synleg frå store deler av området. Samlokalisering med stadion kan gi synergieffektar

Ny ungdomsskule


Ny ungdomsskule kan få ei vakker og funksjonell plassering ved det vesle vatnet i bakkant av Hald stadion og nær bustadområda.

Vidare bustadbygging


Vidare bustadbygging kan skje nordover , Det føreset flytting av industriområdet til ein betre stad nær hovudvegnettet og støyskjerming av motorgrossbane, evt flytting av denne på sikt

Parkering

Det bør leggjast til rette for parkering for offentleg og privat service og kulturhuset/stadion under bakken



Mogeleg utvikling av nytt senter ved Hesttjørna



Hovudkonsept:

- Offentleg og privat service langs handlegate med eigen identitet
- Nytt kulturhus og ungdomsskule på eksponert tomt mellom Hesttjørna og VGS

Ny handlegate med offentlig og privat service

Handlegate med eigen identitet og kvalitetar som kan stå fram som eit alternativ til og noko anna enn Sartor senter. Tomtene bør få ei høg utnytting og bygningar i 2-3 etg med forretningar på gateplan, kontor i 2. etg og evt bustadar i 3 etg. Parkering under terreng. Blanda trafikk i handlegate så lenge trafikken er liten. Leggja til rette for avlastningsveg på baksida. Handlegata bør ikkje vera lengre enn 600 m.

Nytt rådhus

Nytt Rådhus sentralt i handlegate ved lite nes mot Hesttjørna.

Torg og park

Torg sentralt i handlegata ved nytt Rådhus. Park på nes ved Hesttjørna framfor nytt Rådhus. Gangvegar rundt Hesttjørna og i grøne drag mot tilgrensande område.

Parkering og bussterminal

Parkering og bussterminal er foreslått plassert nær avkøyring frå riksvegen og nær handlegate

Bensinstasjon og brannstasjon

Bensinstasjon og brannstasjon er foreslått plassert nær avkøyring frå riksvegen

Kulturhus

Nytt kulturhus kan gjerne ha ei eksponert plassering på avsats aust for Hesttjørna

Ny ungdomsskule


Ny ungdomsskule kan plasserast på tilbaketrekt tomt bak nytt kulturhus nærare vidaregåande skule

Vidare bustadbygging

Vidare bustadbygging kan skje i austvendt skråning vest og sør for handlegata samt sør for senteret. For å ivareta landskapskvalitetane som er viktig for området sin identitet, bør ein ikkje byggja høgare enn kote 70.

Trafikkskapande verksemder

Trafikkskapande verksemder bør ikkje plasserast sør for handlegata



Tilråding

- **Fortetting av Skogsskiftet og vidare bustadutvikling ved Hammerland og i området nord for Skogsskiftet**
 - o Ved nybygg og fortetting skapa eit moderne og vakkert sentrum med gode møteplassar
 - o Offentleg og privat service rundt nytt torg
 - o Ny ungdomsskule og kulturhus ved stadion med visuell kontakt til Skogsvatnet
- **Justert framtidig vegtrase**
 - o Tunnel forbi Skogsskiftet Austleg trase i sør. Mogeleg kopling til alt 29 i nord
 - o
- **Sikra landskap og naturkvalitetar**
 - o Sikra Grøntakse Ådnavjika -Kvalvika, Leggja til rette for vesle og store Skogsmila
 - o Sikra markaområde i sør
 - o Sikra "grøne" høgdedrag og silhuettar - Ikkje bygging over cote 70
- **Vurdera flytting av :**
 - o Motorcrossbane (til sør for planområdet?)
 - o Bensinstasjonar til framtidig hovudveg / kryssområde
 - o Industriområde til fleire mindre felt nær hovudvegen
 - o Brannstasjon nær hovudvegen

- Vurdering av dei to alternativa

		Skogsskiftet , Fortetting og utviding		Nytt senter ved Hesttjørna	
1	Landskap og naturkvalitetar:	Kontakt til vatn/sjø Idrettsområdet og industriområdet har god visuell kontakt med Skogevatnet	++	Kontakt til vatn/sjø Nær kontakt med vatnet Hesttjørna ,	+++
		Landskapsrommet i det småkupperte kyst landskap Senteret er i dag er avgrensa av omkringliggjande småkuppert landskap . Det skjerma landskaps rommet rundt skysstasjonen med naturleg fjellveg mot sør har ein identitet som kan vidareutviklast	++	Landskapsrommet i det småkupperte kyst landskap andskapsrommet rundt senteret er avgrensa . Er innfallspurt til eit større naturområde. Både veg og utbygging vil medføre store naturinngrep	---
2	Avstand til andre funksjonar som bustadområde, skule, service, kultur og fritidsaktivitetar	Bustadområde: Sentralt i høve til Hammersland, Skoge og og evt utviding av bustadområde nord for Skogsskiftet Skule: I km til VGS og barneskule . Ny ungdomsskule kan lokaliserast i Skogsskiftet ved Hald stadion Service: Offentleg og privat service med handelssenter ligg samla Kultur: Nytt kulturhus kan lokaliserast i sentrum eller ved hald stadion med utsikt ut over Skogsvatnet Fritidsaktivitetar: Fritidstilbod med idrett og evt nytt kulturhus ligg sentralt i høve til bustadområda og buss terminal	+++	Bustadområde: Større avstand til eksisterande bustadområde. Vi liggja sentralt i høve til ei bustadbygging vest og sør for Hesttjørna. Rørslehemma ved institusjonane i Skogsskiftet vil få lang avstand til handel og privat service Skule: Ligg nær vidaregåande skule og barneskule. Lokalisering av ny ungdomsskule vil styrkja tettstaden som skulesenter. Service: Dersom ikkje kommunehuset vert flytta samstundes, vil avstanden mellom offentleg og privat service vera 1 km. Kultur: Nytt kulturhus vil kunna lokaliserast ved nytt senter og få synergieffektar i høve til skule og idrett Fritidsaktivitetar: Fritidstilbod med idrett og evt nytt kulturhus ligg sentralt i høve til evt nye bustadområde i sør, medan mindre gunstig i høve til bustadar i Skogeområdet	++
3	Framtidige vegplanar og eksponering	Støy: Veg i eksisterande trase vil skapa mykje støy. Tunnelalternativet best Arealbruk: Veg i eksisterande trase er arealkrevjande pga parallelt lokalvegssystem, Tunnelalternativet best Eksponering: Veg i eksisterande trase er mest synleg frå riksvegen, Hald stadion og industriområdet er mest eksponert mot riksvegen ved kryssområdet i sør dersom ein vel tunnelalternativet.	+++ ---	Støy: Austleg vegalternativ vil skapa mykje støy mot evt nytt sentrum og nye bustadområde ved Hesttjørna vestleg trasealternativ vil skapa lite støy i nytt sentrumsområde men mykje støy i eksisterande og planlagt bustadområde på Hammersland Arealbruk: Austleg tase har eit arealkrevjande kryss som legg beslag på store deler av det påtenkte sentrumsområdet, Vestleg trase legg mindre beslag på areal til moglege sentrumsutvikling. Eksponering: Begge alternativa gir god eksponering av nytt senter mot Riksvegen. Austleg trase best.	--- ---
4	Arealpotensiale for framtidig utvikling	Fortettingspotensialet og utvidingspotensialet i Skogsskiftet er stort om det er vilje og semje om flytting av funksjonar som ikkje treng eller bør lokaliserast i eit senter. Funksjonar ein bør drøfta om ein kan flytta er brannstasjon, bensinstasjonar , industri som skapar tungtransport og motorkrossbana i nord.	+++	Utbyggingspotensialet på vestsida av Hesttjørna er stort men skrev meir omfattande tiltak mot støy.	+++
5	Identitet - Kommunesenter og handelssenter - Servicesenter for eldre - Historisk identitet: Kvalfangst - Skulesenter - Møteplass idrett, kunst,, kultur, skule, lokalsamfunn - Knutepunkt buss/bil - Arkitektonisk identitet	Kommunesenter og handelssenter ligg samla , kommunehuset kan evt utvidast i eksisterande kjøpesenter dersom forretningsdrivande byggjer nytt	+++	Kommunesenter og handelssenter Kommunesenter og handelssenter vert delt (avstand ca 1 km) om ein ikkje også byggjer nytt kommunehus	-
		Servicesenter for eldre ligg nær offentleg og privat service	+++	Servicesenter for eldre Stor avstand (ca 1 km) mellom handelssenter og servicebustadar for eldre	---
		Historisk identitet Potensiale for å visualisera Skoges historiske identitet som kvalfangstbygd . Ligg langs den grønne aksene ned til Kvalvika (skulptur, installasjon eller byformingselement). Visualisering av Sund sin identitet er litt meir uklar.	+++	Historisk identitet Potensiale for å visualisera Skoges historiske identitet som kvalfangstbygd, men vil ikkje liggja langs aksene ned til Kvalvika (skulptur, installasjon eller byformingselement) Visualisering av Sund sin identitet er litt meir uklar.	++
		Skulesenter Lokalisering av ny ungdomsskule vi skapa ei rolle deling mellom VG skule / barneskule ved Hesttjørna og ungdomsskule ved Skogsskiftet, truleg meir jamn utnytting på dei to idrettsanlegga	+++	Skulesenter Lokalisering av ny ungdomsskule i dette området vil saman med barneskule og VGS skapa eit sterkt skulesenter. Kapasiteten på idrettsanlegget kan truleg bli begrensa?	++
		Knutepunkt buss/bil Eksisterande skysstasjon kan bli liggjande , men dersom den vert flytta nærare tilkomstvegen flyttast for å gi plass til sentrumsutvikling. Park & ride bør flyttast for å gi plass til nytt Torg	+++	Knutepunkt buss/bil Rutebilstasjonen bør flyttast til det nye senteret dersom dette vert flytta	++
		Arkitektonisk identitet Dei arkitektoniske og visuelle kvalitetane i senteret kan gradvis kunne utviklast og forbetrast ved fornying av bygningsmassen	++	Arkitektonisk identitet Alle moglegeheiter for å skapa ein ny og attraktiv identitet, men det gamle senteret vil truleg vil forfalla eller få ein annan identitet	+++
6	Teknisk infrastruktur	Eksisterande tekniske infrastruktur kan nyttast evt utvidast i nye område	++	Tekniske infrastruktur må etablerast på nytt	- -

32+

17+